



MØTEBOK SAMLING REGIONRÅDET/RÅDMANNsutVALET

Møtedato: Tysdag 10.4.2012, kl. 16:00 – onsdag 11.4.2012, kl. 12:00
Stad: Flå, Thon Hotel Bjørneparken

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet/rådmannsutvalet:

Oddvar Grøthe,	Sveinung Halbjørhus	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Lars Ole Skogen,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Bjergulv Noraberg	Ål kommune (15.3)
Halvor Lilleslett,	Hege Mørk	Gol kommune
Tor Magnussen,	Else Horge Asplin	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Odd Egil Stavn,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

I tillegg til nokre konkrete saker var samlinga fyrst og fremst eit arbeidsmøte.

SAK 09/12 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 27.1.2012

Vedtak

Møteprotokoll 21.1.2012 vart vedteke.

SAK 10/12 SAMHANDLINGSREFORMA, POSJEKT HALLINGDAL LOKALMEDISINSK SENTER

Prosjektleiar Øystein Lappegard orientert i framkant av drøfting.

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal ber om at det blir søkt om statleg støtte til:
 - a. Prosjekt Lokalmedisinsk senter
 - b. Prosjekt Kompetanse-, lærings- og mestringscenter.
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir arbeid vidare med intensjonane om felles intermediæravdeling med inntil 10 interkommunale sengeplassar og 10 desentraliserte spesialisthelsetenesteplassar.
3. Regionrådet rår til at det blir arbeid vidare med ein finansieringsmodell for interkommunale sengeplassar basert på ein lik døgnpris der kommunane betalar berre etter bruk, men likevel slik at minimum 50 % av det statlege ø.hj-tilskotet vert lagt inn i driftsbudsjettet (for Hallingdal samla ca. 2,5 mill). Døgnprisen skal ikkje overstige kr. 4000,- pr døgn.
4. Ei eigen arbeidsgruppe med Oddvar Grøthe, Odd Egil Stavn og rep. Ål kommune får i oppdrag å avklare følgjande spørsmål:
 - a. Ål kommune sin del som vertskommune, i forhold til husleige.

b. Ål kommune sine forpliktingar i forhold til eventuell ledig kapasitet
Arbeidsgruppa sine vurderingar skal vera klare innan 20.4.2012.

5. Regionrådet tilrår den utarbeida avtala mellom kommunane og Ringerike sjukehus om døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp, og vil underskrive denne når avtala er godkjent av foretaket.

SAK 11/12 IKT-SAMARBEIDET I HALLINGDAL, ORIENTERING/DRØFTING
Halgrim Merødningen, IKT-koordinator, orienterte om IKT-samarbeidet i Hallingdal.

Det var synspunkt og drøftingar i forhold til:

- prosedyre for å ta i bruk ny programvare
- rutinar for budsjett og rekneskap
- generell informasjon om IKT-samarbeidet

Det vart ikkje gjort konkrete vedtak, men synspunkt frå Regionrådet vil styringsgruppa for IKT-samarbeidet ta med i sitt vidare arbeid.

SAK 12/12 FORSLAG NASJONAL TRANSPORTPLAN 2014 – 2023, DRØFTING
PRIORITERTE TILTAK FOR HALLINGDAL

Det vart drøfta kva tiltak som bør prioriterast frå Hallingdal i komande Nasjonale Transportplan. I samband med utarbeiding av forslag til uttale til NTP 2014 – 2023 skal følgjande punkt prioriterast i høve til konkrete tiltak:

- Vegpakke Hallingdal, prosjektfinansiering strekninga Ørgenvika – Gol
- Ny veg Rv.52 Gol – Robru
- KVU for Rv7 Hardangervidda
- Utvikling Bergensbanen, der det viktigaste tiltaket er Ringeriksbanen.

SAK 13/12 REVIDERING STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL

Skisse til ny/revidering Strategisk plan for Hallingdal vart drøfta. I samband med Hallingtinget skal dette vera eit hovudtema, der vedlagt skisse (vedlegg 2) skal nyttast som utgangspunkt for gruppearbeid.

SAK 14/12 SAMARBEIDET REGIONRÅDET - RÅDMANNSUTVALET

Det var ei drøfting av samarbeidet Regionrådet – Rådmannsutvalet. Konklusjon var at samarbeidet og rutinane fungera godt og blir sett på som svært viktig.

Ål 13.4.2012
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Sak 11-12, presentasjon Halgrim Merødningen
2. Skisse Strategisk plan for Hallingdal